

Møteprotokoll for Administrasjonsutvalet

Møtedato: 22.03.2018
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 09:00 - 10:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Utvaleiar
Frode Langhelle	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Ørjan Valestrand		Arbeidstakar repr.

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Torill Torsvik Størkersen	AP	Nestleiar
Britt Inger Myhr		Arbeidstakar repr.

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Personalkonsulent Maud Sleire Holmaas som førte møteboka.
Oppvekstleiar Alf Strand møtte til sak 005/2018 og 006/2018.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2018	Godkjenning av møtebok
003/2018	Auke i stillingsheimel for hjelpepersonell ved Masfjorden legekantor
004/2018	Auke i stillingsheimlar i teneste for funksjonshemma, Svingen bu- og avlastning
005/2018	Kompetanseutviklingsplan for skulane 2018-19
006/2018	Evaluering av forsøk med 6 timars plantid for pedagogar i barnehagane
001/2018	Orienteringar

001/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

22.03.2018 ADMINISTRASJONSUTVALET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AU - 001/2018 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

002/2018: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

22.03.2018 ADMINISTRASJONSUTVALET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AU - 002/2018 VEDTAK:

Møtebok frå administrasjonsutvalet 12.09.17 vert godkjend.

003/2018: Auke i stillingsheimel for hjelpepersonell ved Masfjorden legekantor

Rådmannen sitt framlegg:

Stillingsheimel for hjelpepersonell ved Masfjorden legekantor blir auka med 30% fast stilling frå 01.04.18

22.03.2018 ADMINISTRASJONSUTVALET

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Administrasjonsutvalet ynskjer ei breiare utgreiing over kva stillinga skal nyttast til og kva kompetanse som er ynskjeleg.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AU - 003/2018 VEDTAK:

Stillingsheimel for hjelpepersonell ved Masfjorden legekantor blir auka med 30% fast stilling frå 01.04.18

004/2018: Auke i stillingsheimlar i teneste for funksjonshemma, Svingen bu- og avlastning

Rådmannen sitt framlegg:

Stillingsheimlar i teneste for funksjonshemma v/ Svingen bu- og avlastning blir utvida frå 10 årsverk til 13 årsverk frå 01.05.18.

Finansiering:

- 1 årsverk er innarbeida i budsjett 2018, på grunn av engasjement stillingar.
- 2 årsverk blir finansiert gjennom omprioritering av ressursar frå Masfjorden sjukeheim, og innarbeida i budsjett.

22.03.2018 ADMINISTRASJONSUTVALET

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AU - 004/2018 VEDTAK:

Stillingsheimlar i teneste for funksjonshemma v/ Svingen bu- og avlastning blir utvida frå 10 årsverk til 13 årsverk frå 01.05.18.

Finansiering:

- 1 årsverk er innarbeida i budsjett 2018, på grunn av engasjement stillingar.
 - 2 årsverk blir finansiert gjennom omprioritering av ressursar frå Masfjorden sjukeheim, og innarbeida i budsjett.
-

005/2018: Kompetanseutviklingsplan for skulane 2018-19

Rådmannen sitt framlegg:

Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden for 2018-19 vert vedteken slik han ligg føre.

22.03.2018 ADMINISTRASJONSUTVALET

Oppvekstleiar Alf Strand orienterte kort om planen.

Saka vart drøfta.

Tillegg til vedtak frå administrasjonsutvalet:

Vidareutdanning innan IKT vil vere viktig for å oppfylle digitale ferdigheiter hos elevane.

Framlegg til vedtak frå rådmannen med tillegg frå administrasjonsutvalet vart samrøystes vedteke.

AU - 005/2018 VEDTAK:

**Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden for 2018-19 vert vedteken slik han ligg føre.
Vidareutdanning innan IKT vil vere viktig for å oppfylle digitale ferdigheiter hos elevane.**

006/2018: Evaluering av forsøk med 6 timars plantid for pedagogar i barnehagane

Rådmannen sitt framlegg:

Ordninga med 6 timars plantid for pedagogiske leiarar i barnehagane held fram som ei permanent ordning. Barnehagelærarar i avdeling får 4 timar planleggingstid pr. veke frå og med barnehageåret 2018/19. I begge tilfella blir det sett inn personale til å dekkja den tida pedagogen har plantid.

22.03.2018 ADMINISTRASJONSUTVALET

Oppvekstleiar Alf Strand orientert om saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AU - 006/2018 VEDTAK:

Ordninga med 6 timars plantid for pedagogiske leiarar i barnehagane held fram som ei permanent ordning. Barnehagelærarar i avdeling får 4 timar planleggingstid pr. veke frå og med barnehageåret 2018/19. I begge tilfella blir det sett inn personale til å dekkja den tida pedagogen har plantid.

001/2018: Orienteringar

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte:

- Utfordrande situasjon i sentraladministrasjonen, m.a. grunna fleire og lengre sjukefråvær, og reell nedgang i tal stillingar.
 - Utlysing av stilling som sakshandsamar på Teknisk, Miljø og Landbruk.
Ein ynskjer å lysa ut stilling som sakahandsamar på TML, dette for å styrka heilheita på avdelinga. Finansiering på sjølvkost, kostnad på investering og ikkje i drift.
 - Oppvekstleiar Alf Strand har signalisert at han vil gå av i løpet av hausten, men ikkje formalisert enno. Rådmannen vurderer å endre innhaldet i stillinga.
-

**Rett utskrift av møteprotokoll frå administrasjonsutvalet den 22.03.18 vert
vitna:**

Karstein Totland
ordfører